



## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE NR. 7 I SKJÅK IL

Styremøte nr. 7 halde fysisk den 23.okt 2025 kl 20.00 – 22.00 på Skjåk Almenning

**Til stade frå styret:** Gregor Ingar Gjerdet, Kathrine Brandsar, Kjell Erik Galde, Merete Dagsgard

**Meldt forfall:** Stine Leirmo

**Også til stade:** Dagleg leiar Elin Stasviken Sperstad

Referent: Merete Dagsgard

Protokollfører: Elin Stasviken Sperstad

Styreleiar opna styremøtet kl 20.00

Det vart ikkje fremma innvendingar til innkallinga eller saklista.

Møtet var vedtaksført.

### Sakliste

#### Vedtakssaker:

- Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2: Godkjenning av referat og protokoll frå møte nr. 6
- Sak 4: Behandle bygging av Pumptrack
- Sak 5: Opprette sykkelgruppe
- Sak 6: Orienteringskartet til Mart
- Sak 7: Idrettslaget som sponsor
- Sak 8: Treningsavgift vaksen
- Sak 9: Retningslinjer mobil
- Sak 10: Fleirbrukshus Botn
- Sak 11: Eventuelt

#### Orienteringssaker:

- O-sak nr. 3: Orientering frå dagleg leiar

### Orienteringssaker

#### **O-sak nr. 3: Orientering frå dagleg leiar**

Dagleg leiar orienterte om

- verdi på fondet pr 16/10
  - korleis vi ligg an økonomisk for 2025 pr nå
  - arbeidsoppgåvene dagleg leiar fokuserer på for tida
- Styret tok orienteringane til etterretning.

## **Vedtakssaker**

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Gregor innleda til saken

Sak 10 vil bli tatt tidleg på møtet så vi er sikre på å ha fått sett på det før tida går ut

Sak 11: Eventuelt: vedr kaffe- og vendingmaskin i Skjåkhallen

Vedtak: Godkjent

### **Sak 2: Godkjenning av referat og protokoll frå møte nr 6**

Gregor innleda til saken

Vedtak: referat og protokoll godkjent og signert av alle unntatt Stine Leirmo som ikkje var til stades.

Stine vil signere ved seinare anledning.

### **Sak 4: Behandle bygging av Pumptrack**

Gregor innleda til saken

Pumptracken er fullfinansiert og klar til å byggast

Vedtak: Godkjent, styret står enstemmig bak bygging av pumptrack på Dønfoss/Bruvoll

### **Sak 5: Opprette sykkelgruppe**

Elin innleda til saken

Sidan vi nå bygger ein pumptrack: skal vi opprette sykkelgruppe i idrettslaget?

Vedtak: Styret står enstemmig bak å opprette sykkelgruppe i idrettslaget. Dette vil bli tatt opp som sak på Årsmøtet i mars 2026

### **Sak 6: Orienteringskartet til Mart**

Gregor innleda til saken

Viser til orientering av Mart Broeren på styremøte nr 6, 4.sept 2025

Vedtak: Nei, styret ynskjer ikkje å overta kartet men spør heller om DNT vil overta det

### **Sak 7: Idrettslaget som sponsor**

Elin innleda til saken

Vi får fleire henvendelsar i løpet av året om vi vil inn med sponsormidler til enkeltpersonar eller grupper. Kva for nokre retningslinjer skal vi nytte oss av i bestemmelsane om kven som får støtte?

Vedtak: Vi har fått ein konkret henvendelse nå, han vil få støtte for denne vintersesongen. (Det visast til detaljar i referatet frå dette møtet).

Vedtak for vidare arbeid rundt idrettslaget som sponsor: Elin utarbeider retningslinjer der vi har ein pott som blir fordelt kvart år utifrå søknadar. Den årlege potten blir bestemt på neste styremøte, der det også vil bli sett på forslag til retningslinjer og dato for søknadsfrist.

**Sak 8: Treningsavgift vaksen**

Elin innleida til saken

Pr i dag er det berre turn og håndball som har treningsavgift, i tillegg til at svømming tar betaling for svømmekurs. Vil styret innføre treningsavgift for vaksengruppene?

Vedtak: Ja, styret ynskjer å gå for å innføre treningsavgift for vaksengruppene Spinning, Kampsport, Dametrim, Vaksenfotball, Badminton og Innebandy på kr 200,- pr år.

Dette vil bli tatt opp som sak på Årsmøtet i mars 2026

**Sak 9: Retninglinjer mobil**

Fekk ikkje sett på dette pga tid

Vedtak: utsatt til neste møte

**Sak 10: Fleirbrukshus Botn**

Elin innleida til saken

Det er kalla inn til møte den 6.nov for å ordentleg sette i gang arbeidet for å få bygd eit felles fleirbrukshus for NMK og Skjåk IL i Botn.

Saken blir tatt opp att på neste styremøte for å bestemme om Skjåk IL ynskjer å vera med på bygging av nytt hus.

**Sak 11: Eventuelt**

Elin innleida om saken vedr kaffe- og vendingmaskin i hallen

Kommuna vil ikkje lenger betale leia for maskinene, men ynskjer at idrettslaget skal gjera dette

Vedtak: Nei, idrettslaget vil ikkje overta leigeutgiftene for desse maskinene

**Neste styremøte: torsdag 27.nov kl 19.30**

**Signatur frå styret**


---

Gregor Ingar Gjerdet  
- Styreleiar -

---

Kathrine Brandsar  
- Nestleiar -

---

Merete Dagsgard  
- Sekretær -

---

Kjell Erik Galde  
- Styremedlem -

---

Elin Stasviken Sperstad  
- Dagleg leiar -